



Org nr: 983 09 1539 MVA

Hella 60

5936 Manger

Mob Marius: 995 46 989

Mob Arne Kjetil: 920 86 035

Følgjebrev for søknad om IG på gbnr: 27/49&54.

Søknad om IG gjeld heile tiltaket.

I rammeløyve dagsett 09.08.2017 er følgjande vilkår nemnt før søknad om IG:

1. Målsett terrengsnitt og revidert situasjonsplan
2. Ulovleg etablert tilkomstveg må legaliserast eller tilbakeførast
3. Krav til parkering etter kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.7.2 må vere oppfylt.

Når det gjeld punkt 1.

Sidan rammeløyve er det og fatta nytt vedtak av hovudutvalet for terrenginngrep og veg.

Dette er dagsett 07.05.2017.

Vedlagt revidert situasjonsplan D1-2 og illustrasjon F2-6 (som framvist ifbm. vedtak gjort i 2018).

Det er ikkje laga terrengsnitt, då tiltak i terreng er små og godt omtala vonar me det er ok.

Når det gjeld punkt 2.

Tilkomstveg er planlagd tilbakeført.

Men å gjere det før ein begynner på prosjektet vil føre til store utfordringar og unødige kostnader.

Ved tilbakeføring må det jordkles og såast, det vil medføre att gjennomføring av prosjektet blir

enormt skittsamt og ugunstig då all material, stillas, maskiner mm. må over den nye nylagte jorda.

Det vil ikkje berre slite på den tilbakeførte vegen som vil krevje reparasjon før ferdigstilling, men ein vil og dra med seg massar over på deler av tomten som ikkje skal gjerast noko med, men som då må ryddast/såast i etterkant.

Ber difor om att ein kan tilbakeføre vegen før søknad om ferdigattest, ikkje søknad om IG.

Når det gjeld punkt 3.

Rådmannens vurdering ang. veg Jf. saksdokument til møte i Hovudutval for plan, landbruk og teknisk den 2.5.18

Saksnr. 026/2018

s. 108:

«Rådmannen legg til grunn at det er sannsynleggjort at veg fram til parkeringsplass var etablert når eigedomen vart bygd i 1962, og at denne delen av vegen såleis er lovleg etablert.»

s. 109:

«Heller ikkje dei private interessene i denne saka kan vektast særleg tungt då eigedomen allereie har lovleg etablert vegløyving og parkering nært opp til fritidsbustaden.»

Som synt i søknad om rammeløyve er det rikeleg med plass til 36m² parkeringsareal på eigedomen innanfor krav til %BYA.

Anser såleis krav til parkering for oppfylt.

Sandane 23.07.2018

HAMMAR Hella 60
KAMERATANE AS 5936 Manger

Ansvarleg søkar: Marius Tenden



skisse frå sør - planlagt tilbygg

F-3



sett frå sør - eksisterande



trapp i naturstein

utvida gangsti

naturstein lagt
i skråning

sett frå sør - planlagt



sett frå sørvest - eksisterande



sett frå sørvest - planlagt

F-5



sett frå aust - eksisterande



utvida gangsti
skiferheller/betong

naturstein frå tomten
lagt opp i skråning

trapp av stein
frå tomten

sett frå aust - planlagt



sett frå vest-nordvest - eksisterande

På nordsida av hytta er det tenkt å laga ein uteplass på terreng. Det er planlagt at ein senkar terrenget ned til golvnivå, dette gjeld eit areal som blir heilt skjerma av store steinar i vest, og bergnabb på nordsida. Denne uteplassen blir ikkje synlig frå området rundt hytta.